

# Region vest



## NY PASTOR I SALEM

Heile hausten venta Salem Bergen i spenning på kven som ville overta som pastor. I slutten av november kom nyheita: Gjermund Øygarden (25) hadde fått jobben.

LES MER PÅ SIDE 44

FOTO: Gerd Vårin Emmerhoff-Sæther/Dagen



### FAMILIEPÅSKELEIR PÅ LYGMO

Påsken 2022 ønsker vi igjen velkommen til påskeleir for hele familien

Leiren starter onsdag 13. april kl. 18:00 og slutter 1. påskedag med familiesamling kl. 10:00. Lyngmo ligger fint til på Hafslo i Sogn. I nærheten ligger Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter (Hodlekve).

I Gaupne er Lustrabadet, og på Lyngmo er det egen gymsal. Det blir fine samlinger om påskens budskap både for de forskjellige aldersgruppene og for hele familien samlet.

Talere og ledere blir Solveig og Steven Rob, Kathrine og Per Tveten med flere.

Pris for fire overnattinger: Voksne 2560,-, 14-16 år 1465,-, 10-13 år 1320,-, 5-9 år 1155,-, 0-4 år gratis, makspris pr. fam. 7750,-.

Påmelding: [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

Lyngmo arrangerer òg familieleir i palmehelgen. Se [lyngmoinfo.com](http://lyngmoinfo.com) for mer informasjon.



### MISJONSSAMBANDET VEST

**Adresse:**

Sigurds gate 6,  
5015 Bergen

**Telefon:** 55 90 48 00

**E-post:** [vest@nlm.no](mailto:vest@nlm.no)

**Gavekonto:** 8220. 02. 90131

**Ansvarlig redaktør:**

Per Byrknes

## INNSPILL



**PER BYRKNES**  
regionleder

## Dere skal være mine markedsførere

Hvorfor sa ikke Jesus: «Dere skal være mine markedsførere til jordens ender»?

Når vi markedsfører noe, prøver vi ofte å skape en bevissthet hos et større publikum om verdien av å ta i bruk et produkt, en ide eller tjeneste. Sånn sett driver vi mye med markedsføring i Misjonssambandet. Vi ønsker å skape et engasjement for misjonsarbeidet, for fast givertjeneste, for gjenbruksbutikkene som skaffer millioner til arbeidet vårt og mye annet. God og målrettet markedsføring i Misjonssambandet skal vi takke Gud for.

Men det er en grunn til at Jesus sa «Dere skal være mine vitner,» og ikke «Dere skal være mine markedsførere.»

**Høysesongen.** For ikke lenge siden var vi gjennom det jeg tror må være høysesongen for markedsføring, nemlig førjulstiden. I dag trenger vi ikke gå lenger enn til en mobilskjerm, et butikkvindu eller et magasin, så møter vi fremdeles et hav av markedsføringstiltak. I kristne sammenhenger er vi preget av den samme tankegangen, og forklaringen på hvorfor vi gjør det er vel ganske enkelt at vi ser at det virker.

Et vitne er derimot et mye sterkere virkemiddel. En skuespiller som prøver å reklamere for et eller annet produkt i en reklame kan vi velge å tro på eller ikke, men et vitne som

forteller hva han eller hun selv har opplevd er det ikke så lett å avfeie. Når du forteller hva du selv har opplevd med Jesus, så er det ingen andre som kan bestride det.

*«Når du med ditt liv viser at du elsker dine naboer, så er det et mye tydeligere språk enn tusen ord.»*

Når du med ditt liv viser at du elsker dine naboer, så er det et mye tydeligere språk enn tusen ord. Barn forstår at de er elsket gjennom foreldrenes adferd, lenge før de forstår ord eller konsepter.

**Troverdig vitne.** Om du er et troverdig vitne, både i ord og handling, velger jeg å tro at det er mange i ditt nabolag som vil lytte til deg om de får muligheten.

Paulus sier: «Men hvordan kan de påkalle en de ikke tror på? Hvordan kan de tro på en som de ikke har hørt om? Og hvordan kan de høre dersom ingen forkynner? Og hvordan kan noen forkynne hvis de ikke er utsendt? (...) Så kommer da troen av det budskapet en hører, og budskapet kommer av Kristi ord.» (Rom 10,14–15 og 17).



Peparkaker vart både baka og etne.

FOTO: KJERSTI GANGSTØ

## JULESTJERNA PÅ LEIR

Me hadde to flotte og koselege adventsleirar i Sætervika før jul med to fine gjengar.

TEKST KJERSTI GANGSTØ

Ingen av leirane var fulltalige, men det var kjekt å kunna samlast på leir til tross for at koronaen enda ikkje har sloppe taket. Me som var til stades kosa oss godt! Me laga julepynt, julekort, baka peparkaker, hadde snikkarverkstad og laga juledekorasjonar. Om laurdagen hadde me refleksløp ute i kulden. Det var spanande for borna å gå ut i mørket med lommelykter for å leita etter refleksane.

Me fekk høyra mykje om «julestjerna» frå ulike vinklar. I 4 Mos 24 las me om Bileam og eselet. Me fekk høyra om orda Bileam fekk frå Gud i vers 17:

«Eg ser han, men ikkje no, eg skodar han, men ikkje nær. Ei stjerne stig opp or Jakob, ein kongsstav lyfter seg frå Israel..»

Gud varsla at ei stjerne skulle stiga opp. Planen for vår frelse var klar. Om ein kjenner Bibelen, så veit ein at denne stjerna var Jesus.

Ein av sangane som gjekk igjen på den første leiren var «Deilig er den himmel blå». I eitt av versa syng me om «den store ledestjerna». Me fekk høyra om Bibelen, Guds ord, som er vår «ledestjerne». Det blei fortald om bibelomsetjing på ulike kantar av verda, og om menneske som ønskjer å få veta meir om Jesus og som no har fått litt eller heile «ledestjerna» som leder oss til Jesus, vår frelsar. Jesus ynskjer å gje julehøgtid i våre hjarter og gjev oss håp om «jul i himmelby».



Runhild og Odd-Jarle er glade servitører.

FOTO: MARITA BETTE OHMA

## FRÅ ASKVOLL TIL KENYA MED BERRE HALVE FAMILIEN

Odd-Jarle og Runhild Øvreås er sauebønder og lærarar i Sogn og Fjordane. No har dei reist til Kenya saman med Eivind, yngste sonen. Dei er eigentleg ein familie på seks, men dei tre eldste borna går på skule i Norge.

AV KJERSTI GANGSTØ

– **Kva opptek dykk for tida?**

– Me er lærarar på NCS, den norske skulen i Kenya. Når dette vert skrive har me nett hatt juleavslutning med julespel for elevane. Det er flott å få arbeide med juleevangeliet atter ein gong. Elles går det i koronatiltak og juleførebuingar. Det er litt rart med jul og full sommar ute.

– **Kva synes de er det beste med jobben dykkar?**

– Det kjekkaste er å møte elevar med ulik kulturell bakgrunn. Alle elevane er norske statsborgarar, men dei fleste har bakgrunn frå ulike afrikanske land. Det er både spanande og utfordrande. Elles gler me oss over mange nye elevar på skulen i løpet av hausten.



Eivind, Ole-Johan, Jostein og Ingrid Øvreås

FOTOGRAF: ODD-JARLE ØVREÅS

– **Kva gjer de på fritida?**

– Koronaen avgrensar framleis fritidsaktivitetane, men tomten til Misjonssambandet er stor og gjer at me kan utfalde oss med mellom anna fotball, volleyball, tennis, bordtennis og treningsrom. Elles har me faste bibelgrupper og bønegruppe.

– **Korleis har det vore å reisa når nokre barn er i Norge og eit er med til Kenya?**

– Me har det veldig kjekt om dagen, for no er me samla alle seks her i Kenya. Det er flott å få feire jul i lag. Heldigvis trivest alle tre borna som er i Noreg godt på kvar sine plassar. Til tider kjenner me på at dei er langt borte, men videosamtalar på nettet gjer avstanden mindre.

– **Kva har overraska dykk mest i møte med livet som misjonær?**

– Me har tidlegare vore utsendingar for Misjonssambandet i Sentral-Asia, og overraskande mykje er likt. Me har det flott her me bur, men avstanden og overgangen frå Noreg er likevel stor, så det tek tid å venje seg til livet her.

– **Korleis får de påfyll i dykkar åndelege liv?**

– Me er seks einingar som bur her på tomten. Saman har me fellesskap i bønegrupper for menn og damer samt bønemøte for store og små kvar torsdag. Det er like viktig her som i Noreg å ta seg tid saman med Jesus i kvardagen.

Me er takksame over å få vere her og gler oss over å få vere med i tenesta gjennom arbeidet vårt på NCS.



Gjermund Øygarden er ein ivrig løpar.  
FOTO: PRIVAT

# FRÅ MENIGHETS U

Ein er seg sjølv og ingen annan. Det er utgangspunktet Gjermund Øygarden har når han no går inn i stillinga som pastor i Salem.

AV GRO BJØRNDAL

Pastorstillinga vart ledig då Christian Lilleheim begynte som lærar på Bildøy bibelskule ved skulestart i august. Gjermund var då menighetsutvikler i Salem Ung, og fekk fleire oppfordringar om å søkja. Han og kona bad om at dørene måtte lukkast om han ikkje skulle inn i dette, men opplevde at dei i staden vart opna.

**STOR OPPMERKSOMHET.** Etter at nyheita slapp ut, har mange tatt kontakt. 25-åringen synest det er litt rart at ein snekkar frå Telemark kan gje så stort engasjement, for det gav veldig mange kommentarar, likes, meldingar og henvendelse frå aviser og tv. Folk synest det er flott at Salem vågar satsa på ein som er så ung. Og mange vart glade for at det var nettopp Gjermund som fekk jobben.

**LIVSENDRING.** Men nokre vart også overraska.

– Dei som kjende meg i tida før 2015 og GF på Randaberg, frydar seg over at Gud kan bruka dei ubrukelege. Over ein to-årsperiode hadde eg glidd meir og meir vekk frå Gud. Eg var i eit forhold som ikkje var bra for meg. Det drog meg vekk frå trua, utan at eg såg det sjølv. GF skulle eg i alle fall ikkje på. Men eg hadde eit jobboppdrag på Randaberg nett då, og vart spurt om eg kunne vera med og selja is. Det kunne eg. Og sidan alle rundt meg skulle på møta, vart eg og med.

Etter ei veke med mykje forkynning kom misjonærinnviinga, og dei song «Salige visshet, Jesus er min». Gjermund kjente at det var meir enn ein song, – Jesus var verkeleg min.

Misjonærinnviinga gjorde inntrykk. Høge herrar i svart dress, og nokon som ville satsa alt og reisa langt vekk for Jesus. Mens Bibelen låg ubrukt før GF, vart den lest kvar dag etterpå.

**HEIME ELLER UTE?** Gjermund har ofte sagt at han tenkjer på ei teneste ute. På turar til misjonsfelt har han kjent på at «her skal eg ut att». Derfor tok det tid før han søkte på pastorjobben.

# S UTVIKLER TIL PASTOR



Den nyttilsette pastoren på ein av mange fjellturar.

FOTO: PRIVAT



Gjermund og kona Birgitte brukte tid i bøn på fjelltur i forkant av at han søkte på stillinga.

FOTO: PRIVAT

– Kanskje Salem treng ein som meg? Dei tre føregåande pastorane er store forbilde for meg, og dei er gode på sine ting, og på ting eg ikkje er så god på. Det er ein stor styrke at dei er der på sida mi. Men i staden for å tenkja at eg er ikkje som dei, må eg gå inn i det med fri-mod og jobba ut frå det.

– Eg trivest godt med å prata med folk, gjerne over ein kaffikopp. Og eg brenn for leiartrening, gje ein arena for at leiarane kan samlast og snakka om eit tema. Slikt inspirerer meg. Eg har sett at det gjev frukt og at folk opplever det meningsfullt. Så må eg heller finna andre med nokre av dei gåvene dei andre pastorane var sterke på.

**VINNA FOLK FOR JESUS.** Den unge pastoren har ingen tankar om å revolusjonera Salem, men føra vidare det som har vore, heilt frå 1891.

– Salem skal halda fram med sitt særpreg, å vinna folk for Jesus. Samtidig er me i Bergen,

og eg spør meg stundom om det hadde vore eit sagn for Bergen om Salem vart lagt ned? Dersom det ikkje betyr noko, kvifor er me her? Det er eit viktig, men vondt spørsmål å stilla seg.

Som menighetsutviklar i Salem Ung var Gjermund tett på oppgåvene og trivest med å vera «hands on». Som pastor vert det for mykje å skulla ordna opp i ting.

– No må eg nok trekka meg lenger bort frå oppgåvene og heller vera tettare på folk som gjer oppgåvene. Det vert ein utfordrande overgang.

Men han gler seg til å spela andre gode og sjå andre skina. Det har han fått vera med på i Salem Ung, og gler seg til å sjå det endå meir no.

– *Korleis vil kona merka at du har skifta jobb?*

– Ho har alt merka det, det er ho som mest ser alle kommentarane. Kanskje ho vil sjå ein meir tankefull mann enn før, som har fått meir ansvar og meir å tenkja over?

– Birgitte har alltid vore den viktigaste

medarbeidaren min, sjølv om ho ikkje får lønn for det. Ho er flink til å lytta, og det er viktig for meg å ha ein arena for å seia ting, utan å snakka om det som er konfidensielt. Birgitte er viktigare for Salem enn folk er klar over.

**ALT I KALENDEREN.** Det første som kjem i kalenderen, er middag med kona. Ingen av dei har ni til fire-jobb, så felles tid må planleggast. Gjermund kallar seg eit rotehovud, men har system. Derfor kjem alt i kalenderen, så det ikkje vert gløymt når nye samtalar skal avtalast. – Då ser eg fort kor tid eg kan springa til jobb eller ikkje. For den nye pastoren er ein habil løpar og brukar gjerne eit par kveldar i veka saman med løpegruppa, der han er yngstemann. – Nivået er nok litt lågare enn i andre grupper eg var med i, men eg trivest godt med dei, avsluttar han, før snekkaren skal gjera ferdig oppussinga av boden, og seinare på kvelden skal idrettsmannen ut med løpegruppa.

# SEMINAR OM SPØRSMÅL OG SANNING

Då Joakim Sundnes studerte, blei han bombardert med spørsmål om den kristne trua han hadde.

TEKST MARTIN HOLSKAR

– Eg fekk mange spørsmål eg ikkje hadde tenkt så mykje på. Om Jesu oppstode, mirakel, vitskap og andre ting. Det var ubehageleg. Eg tenkte at «dette burde eg kunne svart på».

Joakim, som i dag er idrettslærer på Sygna VGS, byrja å lese om forsvar av den kristne trua. Han gjorde oppdagingar som var

til hjelp både i hans eige trusliv og i møte med dei som stilte spørsmål. Det han fann, skildrar han som «ein ny måte å tenke på» – ein tankemåte som tek spørsmål på alvor og har sanninga som siktemål.

**VIL GI DET VIDERE.** Nå ønsker Joakim at elevane på Sygna skal oppdage det same. For eit år sidan gjennomførte han ein seminarseie saman med andre tilsette på Sygna.

Gjennom sju samlingar blei det snakka om trusforsvar og tvil.



Joakim Sundnes. FOTO: PRIVAT

– Det var ei god erfaring å bruke så mykje tid på det. Vi fekk tid til å finne den måten å tenke på.

Nå har elevane på Sygna uttrykt ønske om meir. Så denne våren ser Joakim fram til ein ny serie med seminar.

– Det å utfordre sine eigne tankar er bra – både for elevar og oss som held seminara.

Kanskje får fleire sjå noko av det Joakim oppdaga i si studietid. Joakim ønsker i alle fall gjere sitt.

– Vi ønsker ikkje at dette berre skal vere «fine seminar», men at det kan stimulere til vidare undersøking. Det skal ikkje berre bli med seminara, men det skal bli til noko meir.

## RØTER MED NYE SPIRER

Nytenking er ein del av tida me lever i, men ikkje alt har rot i korona. Kan ein gjennom M4Ready sjå starten av friske spirer i arbeidet vårt?

TEKST KJERSTI GANGSTØ

Joakim og Caroline Fiskå flytta til Bergen i 2018 der dei begynte å gå i Salem. Etter kvart vil dei fokusera meir på eit lokalt bedehus. Grunnen er at dei i 2020/21 tok kurset M4Ready (sjå faktaboks). Etter kvar av dei seks modulane hadde dei gode samtalar med mentor, Edgeir Gunvordal.

**TANKAR TAR FORM.** Ein tanke som tok form i løpet av kurset var å gå inn i eit eksisterande bedehus og starte opp nye ting der for å få fleire med. Dei ynskjer å begynne å gå på eit bedehus lokalt der dei bur. Eit av spørsmåla som dei snakka med mentor om, var kven dei eventuelt kunne gå saman med.

Joakim og Caroline har ikkje konkrete planar om kva dei ynskjer å starta. Dei meiner det er

### M4READY

**Mål:** Utvikla leiingar til eksisterande og nytt arbeid. Hjelpa til avklaring av «kvar er min plass?»

**Nettkurs:** Seks modular/temaområde (10-12 filmar pr modul) og relevante oppgåver. Møte med mentor etter kvar modul.

**Varer:** Ni månader. Fem lokale kveldssamlingar, ein nasjonal weekend, frivillig studietur. NLM betalar delar av kurset. Ny oppstart i september.

**Meir info:** [m4ready.com/norway](http://m4ready.com/norway)

viktig å bli kjend med dei som går på bedehuset og finna ut kva behov er. Fokuset på nyåret vil vera å få betre kontakt med 4-5 andre familiar som ynskjer å vera med i replantingsprosessen.

Kurset har for Joakim og Caroline blitt ei verktøykasse og gitt dei ei forståing av prosessane i det å starte ei ny forsamling eller eit nytt arbeid. Dei kjenner dei har Salem som ei god støtte som vil stilla med ressursar.



Joakim og Caroline Fiskå. FOTO: ARNE MEIER

**Å FINNA VEGEN SAMAN.** Edgeir Gunvordal seier at mentor skal stille spørsmål til deltakaren for å få i gang refleksjon gjennom ein disippeltreningsperiode. Dei fekk mange fine samtalar om alt frå kristenliv, familie og menighetsliv. Samtidig byrjar tankeprosessar i eige liv når ein spør andre. Edgeir seier han ofte gledde seg til sam-



Edgeir Gunvordal. FOTO: MÅLFRID GUNVORDAL

talane då det var morosame og utfordrande prosessar dei gjekk gjennom saman.

**M4READY UTFORDRAR.** – M4Ready er omfattande, kunnskapsrikt og utfordrande. Dei fleste deltakarene vel å ikkje plante forsamling, men alle får eit utbytte som går på kva rolle dei kan ha i arbeidet og bevisstgjerung rundt dette, seier Edgeir Gunvordal.

Vær gjerne med dei i bøn for vegen vidare.

# INSPIRASJONSHELG MED REGIONÅRSMØTE FOR UNG OG GAMMEL

Sted: Førde, i Sunnfjord kommune

Dato: 22.–24. april 2022

Trenger du litt påfyll og inspirasjon som kristen? Årene med pandemi og ulike restriksjoner har ført til at det ikke har vært så lett å samles på tvers av kommunegrenser og kanskje enda mindre det å komme sammen fra by og grend i hele Vestland fylke.

Herved inviteres unge og eldre til Førde helgen 22.–24. april. Da håper vi at pandemien har roet seg, de fleste er fullvaksinerte og at det blir mulig å møtes igjen. Vi planlegger for det.

**TALERE.** To av talerne som er klar er generalsekretær i Misjonssambandet, Øyvind Åsland, og ungdomskonsulent Erika Vestre. Her kan det komme enda flere spennende talere og gjester.

**NOE FOR ALLE.** Vi vil ha samlinger tilpasset ulike aldersgrupper. Detaljert program kommer



Erika Vestre.

FOTO: HANS CHRISTIAN BERGSJØ



Øyvind Åsland.

FOTO: TORGEIR HENDEN

vi tilbake til. Regionårsmøtet blir lørdag 23. april. Du velger selv hvor mye av programmet du vil være med på.

**REGIONÅRSMØTE.** Dersom du er med i en sammenheng i Misjonssambandet (bibelgruppe, smågruppe, forsamling, etc.) bør du sjekke om dere har utnevnt eller valgt utsendinger til regionårsmøtet. Regionårsmøtet er et formelt møte, men også et viktig møte for alle som ønsker å bidra til organisasjonens demokratiske

oppbygning og utvikling. Det vil også bli mulig å delta på regionårsmøtet digitalt via nettet.

**DUGNADSHJELP.** Har du lyst til å bidra med litt dugnad, så er vi veldig glad om du tar kontakt og melder deg. Hva du i så fall kunne tenke deg å gjøre gir du beskjed om når du kontakter regionkontoret. Det blir helt sikkert ulike oppgaver etter hvert.

**HUSK Å BESTILLE.** Håper du noterer helgen i kalenderen og bestiller overnatting før du glemmer det.

De fleste samlingene blir på Førde Gjestehus og Camping. De tilbyr også utleie av hytter, gjestehus, camping og leiligheter.

## ANDRE ALTERNATIVER FOR OVERNATTING ER:

- Skilbrei Ungdomssenter
- Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
- Thon Hotel Førde
- Førde Pensjonat
- Førde Vandrerhjem



FOTO: UNSPLASH.COM

## ARRANGEMENTSKALENDER 2021/2022

| Dato   | Arrangement      | Alder        |
|--|------------------|--------------|
| <b>LYNGMO</b> <a href="http://lyngmo.info.no">lyngmo.info.no</a> |                  |              |
| 18.–21.02  | Crossroad        | Tenåringer   |
| 24.–27.02  | 4.–7. klasseleir | 4.–7. klasse |
| 18.–20.03  | 2.–4. klasseleir | 2.–4. klasse |
| 13.–17.04  | Familiepåskeleir | Alle         |
| <b>SÆTERVIKA</b> <a href="http://setervika.no">setervika.no</a>  |                  |              |
| 11.–13.02  | Tweensleir       | 5.–7. klasse |
| 25.–27.02  | Maksleir         | 2.–4. klasse |
| 01.–03.04  | Tenleir          | Tenåringer   |
| <b>SKILBREI</b>  |                  |              |
| 05.02 Dagsleir   | 2.–4. klasse     | 2.–4. klasse |
| 11.–13.02  | 5.–7. klasseleir | 5.–7. klasse |
| <b>ANDRE ARRANGEMENT</b>   |                  |              |
| 22.–24.04  | Regionårsmøte    | Sunnfjord    |

Påmelding og informasjon: [nlm.no/leirvest](http://nlm.no/leirvest)

KLIPP UT  
OG HENG PÅ  
OPPSLAGSTAVLEN